
Fra: Oddvar Berge <oddv-be@online.no>
Sendt: 13. august 2015 14:05
Til: Merethe Tvedt
Emne: Ref. Tidligere korrespondanse vedr. sak 15/2021 - 15/13904, Fjerning av mellombels bru.

Til saksbehandlar Merethe Tvedt
v/Meland Kommune.

Hei Merethe. Viser til tidligare korrespondanse og telefonsamtale vedrørende denne sak. Tok også kontakt med kommunen i dag torsdag 13.08 for å orientera om saka og om å be om noko lengre tidsfrist om fjerning. Eg har vore i kontakt med dei fleste lokale entreprenørane frå før eg reiste på ferie og ikkje minst siste veka etter at eg kom heim frå Canada for å få utført arbeid med fjerning av bru og rydde opp etter seg. Det viser seg at eg var altfor optimistisk med å få utført arbeid i august grunna ferietid og at alle dei lokale entreprenørane allereie var fullpakka med oppdrag til veke 38 i september eller lengre. Eg må derfor be om ny utsetjing til 24 september. Dersom de treng meir info er eg på tlf. 90208768.

Mvh: Oddvar Berge